

Gudmund Husdal Lindås FRP

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/3748 - 14/26345

Saksbehandlar:

Astrid Aarhus Byrknes

ordforar@lindas.kommune.no

Dato:

25.11.2014

## Svar på interpellasjon til Kommunestyret 27.11.14

1. Betyr dette at Lindås Kommune forventar at 7 år gamle elevar ifrå andre klasse skal gå opp til 4 kilometer til og frå skulen?

Stortinget har ikkje gitt fri skuleskyss til alle elevar, slik at fleire elevar i Noreg har ein skuleveg der dei må gå inntil 4 kilometer. Om ein elev skal gå til skulen, ta buss eller bli køyrd i privatbil, blir ei avgjerd som føresette må ta på vegne av barnet.

Det at ein ikkje har rett på fri skyss treng ikkje medføre at barnet skal gå til skulen. I nokre tilhøve vil det vere til barnets beste at føresette dekkjer utgifter til skuleskyss eller køyrer barnet til skulen. I andre tilhøve vil det vere bra for barnet å gå til skulen.

Lindås kommune forventar ikkje at barn skal gå opp mot 4 km til skulen, men reknar med at føresette vil gjere denne vurderinga på vegne av barnet.

2. Kva reglar gjeld for sykling til og frå skulen for elevane i Lindås?

Trafikktryggleiken langs skulevegen til elevane i Lindås kommune er svært ulik frå skulekrins til skulekrins. Difor er det også slik at avtale om sykling til og frå skulen, til vanleg blir avklart mellom skule og føresette ved/FAU ved den einskilde skule. Tidlegare vart det tilrådd at elevar ikkje sykla til skulen før dei var 12 år, men no er det frå fleire hald auka fokus på at elevar og skulevegar er svært ulike, og at dette tilseier at ein må tilpasse reglar etter lokale tilhøve. Ved nokre skular er det no avtale mellom FAU og skulen at tilrådd grense for sykling er 10 år.

Skulane har samarbeid med Trygg trafikk, og nyttar deira informasjonsmateriell.

Sjå døme i vedlagt link.

[http://www.tryggtrafikk.no/content/uploads/2014/05/Sykletilskolen\\_brosjyre.pdf](http://www.tryggtrafikk.no/content/uploads/2014/05/Sykletilskolen_brosjyre.pdf)

3. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda seier loven.

Kva er kriteriene for å få gratis skuleskyss pga farleg og vanskelig skuleveg?

---

**Post**

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

**Kontakt**

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567

Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Etter Opplæringslova § 7-1 har elevar som bur meir enn fire kilometer frå skulen rett på gratis skyss. For elevar i 1.klasse er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda. Etter Opplæringslova er det ikkje tilstrekkeleg grunn til å tildele fri skuleskyss at skulevegen er rekna som farleg, då heile eller delar av strekninga må reknast som særleg farleg for at elevar med under fire kilometer lang skuleveg skal ha rett på gratis skyss.

Ei vegstrekke som skal definerast som “særleg farleg eller vanskeleg”, må skilje seg klårt ut i frå den generelle vegstandarden. Det er i seg sjølv ikkje tilstrekkeleg at det medfører ein fare å trafikkere vegstrekkeja.

I forarbeida til Opplæringslova finn ein følgjande om sakshandsaming av søknad om fri skuleskyss grunna særleg farleg skuleveg: ”Om skoleveien er særlig farlig eller vanskelig skal vurderes ut fra skoleveiens tilstand, klima, trafikkforhold og knytt til den enkelte elev. Det skal foretas en konkret vurdering knyttet til den enkelte elev. Elevens alder og modenhet kan for eksempel være avgjørende for om skoleveien er særlig farlig.” Det vert her lagt vekt på at barn utviklar evne til å meistre skuleveg og ferdsel i trafikk betre ved auka alder, og særleg stor er utviklinga på dette feltet frå 6 til 7 års alderen.

Med helsing

Astrid Aarhus Byrknes  
ordfører

**Mottakarar:**

Gudmund Husdal Lindås FRP